



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgt 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
20/2193-

Dato
2. juli 2020

Spørsmål nr. 2065 for skriftleg svar frå Stortingsrepresentant Solveig Horne om middel som er løyva til ivaretaking av regnskog

Eg viser til spørsmål nr. 2065 frå stortingsrepresentant Solveig Horne. Spørsmålet lyd:
Kan statsråden gi en oversikt over hvor mye midler som er bevilget til ivaretagelse av regnskog per mottakerland, og hvilke garantier det er gitt for at skogen har et langsiktig vern?

Eg takkar for spørsmålet frå representanten Horne.

Frå Klima- og skoginitiativet starta i 2008 og fram til 2019 har initiativet samla betalt om lag 10 milliardar norske kroner for 320 millionar tonn reduserte utslepp frå tropisk skog i Brasil, Guyana, Colombia og Ecuador. Desse utslippsreduksjonane svarer til meir enn seks år med utslepp frå Noreg. Noreg har betalt for ein brøkdel av dei *samla* utsleppa landa har oppnått i denne perioden, om lag 6 %. Dei samla reduserte utsleppa frå desse fire landa i Amazonas er på meir enn 4 milliardar tonn CO₂e. Den totale reduksjonen i Brasil aleine for åra 2008-2017 utgjør meir enn 70 gonger årlege norske utslepp.

Oversikt over utbetalingar per mottakarland for tonn CO₂e:

<u>Land</u>	<u>Tonn CO₂e</u>	<u>Norske kroner (NOK)</u>
<i>Brasil</i>	242 475 688	8 292 680 000
<i>Guyana</i>	66 905 974	1 201 846 000
<i>Colombia</i>	7 500 000	324 722 153
<i>Ecuador</i>	3 807 900	170 234 544
SUM	320 689 562	9 989 482 697

Klima- og skoginitiativet sitt resultatbaserte samarbeid betaler for reduserte, årlege utslepp, samanlikna med historiske utslepp. Det vil seie at når land ikkje har reduserte utslepp sett opp mot dei historiske utsleppa, slik tilfellet har vore i Brasil i 2019, betaler vi ikkje.

Å rekne ut utslepp på årleg basis er slik FN sitt Klimapanel tilrår at utsleppsrekneskap blir gjort, og slik vi bereknar egne utslepp frå Noreg.

Resultata Klima- og skoginitiativet har godkjent og betalt for er varige. Det har vore lågare utslepp i dei aktuelle åra samanlikna med historiske utslepp. Det er ei misforståing at auken i avskoginga vi no ser mellom anna i Brasil vert nullt ut av låg avskoging tidlegare år.

Som for all stønad gjeld det at vi ikkje styrer politikken i mottakarlanda, og dermed heller ikkje framtidige resultat. Klima- og skoginitiativet arbeider for ei varig, berekraftig forvaltning av skogen i alle dei tre områda med tropisk regnskog; Sørøst-Asia, Kongobassenget og Amazonas.

For åra 2008-2019 er det i tillegg til betaling for tonn CO₂e som allereie omtalt, også betalt om lag 3,5 milliardar kroner for ivaretaking av skog i Indonesia, Tanzania, Vietnam, Etiopia, Mexico, Myanmar, Peru, Liberia og Kongobassenget. Vi søker å støtte opp om skoglanda sin eigen politikk for berekraftig utvikling og redusert avskoging. Betaling for resultat har vist seg å vere ein god strategi også ved politiske endringar. Det same har satsing på urfolk og samarbeid med privat sektor vore, innsats frå frivillige organisasjonar, og innsats for betre måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skog. Dette er årsaka til at Klima- og skoginitiativet ikkje berre betaler for reduserte utsleppsreduksjonar, men og støttar ei rekkje initiativ som legg grunnlaget også for *framtidige* reduksjonar. Dette inkluderer og støtte til multilaterale organisasjonar.

Med helsing

Sveinung Rotevatn